

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	04/05/2023
Vår referanse	2023/56388-4
Dykkar referanse	23/849 - 23/9583
Sakshandsamar	Peter Forras
E-post	Peter.Forras@vlfk.no
Telefon	47690029

**Kulturminnefagleg fråsegn - rivesøknad på SEFRAK-registrert løe - gnr. 141
bnr. 3 - Osterøy kommune**

Vi viser til mellombels uttale frå Vestland fylkeskommune dagsett 25. april 2023, om søknad om riving av ei SEFRAK-registrert løe på Osterøy. Vi etterlyste meir informasjon om løa, og fekk nokon fleire fotografiar av løa i brev dagsett 2. mai 2023. Bileta syner ein blanding av nyare og eldre materialar, og gjev noko meir grunnlag for å vurdere saka. Deler av løa er i dårleg stand. Vi forstår det slik at det ikkje er vilje eller ressursar til å setje løa i stand, og ser dermed ikkje at det er grunnlag for å oppmoda Osterøy kommune om å pålegge istandsetjing. Vi vil understreke at det er svært uheldig at bygningar med kulturhistorisk verdi kan forfalle så mykje som er tilfelle i denne saka, og at dette undergrever moglegheiter for å etablere ny bruk og dermed bevaring av kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan (Førde)**Peter Forras**
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan (Førde)*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*